

986141448

HAAKON AASE TØRRMURING

Mobilnummer

901 20 426

E-postadresse

k-fluge@online.no

Kontonummer **** * 51014

Vedtaksdato

18.11.2021

Vedtaket er gjort av

Alver kommune

Søknadsdato

01.09.2021

Vår referanse

2021/7613, Agros 162855

Vedtak om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket – Hesjing

Samandrag: Alver kommune har vedtatt å innvilge opptil 16 000 kroner i tilskot til HAAKON AASE TØRRMURING til Hesjing. Frist for å gjennomføre tiltaket og rapportere er 15.11.2022.

Alver kommune viser til søknad av 01.09.2021.

Bakgrunn i saka

HAAKON AASE TØRRMURING søkte om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket 01.09.2021. Du søker om totalt 42 300 kroner i tilskot for tiltak perioden 02.09.2021-23.09.2021. Totalt kostnadsoverslag for tiltaket har du utrekna til 84 600 kroner.

Det er søkt om tilskot til hesjing på GBNR 326/5. Formålet er å ta vare på og vidareføre kunnskapen om hesjing, ivareta slåttemarka og å få tørrhøy til sauene. Hesjing er utført sommaren 2021, med totalt 640 meter oppsett hesje.

Grunngjeving for vedtaket

Føremålet med tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket er å fremje natur- og kulturminneverdiane i kulturlandskapet i jordbruket og redusere forureininga frå jordbruket, utover det som kan ventast gjennom vanleg jordbruksdrift, jf. [forskrift om spesielle miljøtiltak i jordbruket](#) (SMIL-forskriften) § 1.

Ein kan innvilge tilskot til føretak som oppfyller vilkåra i forskrift av 19. desember 2014 nr. 1817 om produksjonstilskot og avløysartilskot i jordbruket § 2 og § 3 eller § 4.

Tilskot kan også gis til eigar av landbrukseigedom dersom det går føre seg ein produksjon på landbrukseigedom som oppfyller vilkåra for tilskot etter forskrifta som nemnt over. Om du sjølv ikkje eig landbrukseigedom til tiltaket skal gjennomførast på, må det ligge føre løyve frå eigar til gjennomføring av prosjekt eller tiltak som nemnt i SMIL-forskrifta § 4 og § 5.

Søkaren må også oppfylle vilkår i forskrift av 1. juli 1999 nr. 791 om gjødslingsplanlegging. Det skal også først journal over korleis plantevernmiddele som blir brukte, med opplysningar som nemnt i SMIL-forskrifta § 3 tredje ledd.

Søknaden er vurdert etter prinsippa i naturmangfaldlova §§8-12, jf. §7. Administrasjonen har gjennomgått artskart og naturbase, og etter ei samla vurdering komme fram til at det omsøkte tiltaket ikkje er i strid med prinsippa i §§8-12 i naturmangfaldlova.

Søkjeren ynskjer å halda gamle haustemetodar i hevd, og få tørrhøy til sauene sine. Administrasjonen meiner at tiltaket er i tråd med SMIL -ordninga sitt føremål, jf.forskrift om spesielle miljøtiltak i landbruket §1.Tiltaket er også prioritert i kommunen sin SMIL-strategi. Hesjing er ein gammal driftsform som var vanleg på våre kanter inntil for 30-40 år sidan og det er viktig å ta vare på kunnskapen om dette. Ved hesjing gjev ein planten ein sjanse til å legge att frø i enga, og såleis bidreg dette til å halda det biologiske mangfaldet ved like. Dette er viktig for å ta vare på breidda av det stadeigne artsmangfoldet.

Vedtak

Alver kommune har vedtatt å løyve inntil kr 16 000 til hesjing på GBNR 326/5.

Kommunen nyttar standard sats for godkjent kostnad til hesjing på 50 kr per løpemeter. Godkjent kostnadsoverslag:

Tiltak	Kostnad
Hesjing 640 m * 50 kr/m	32 000 kr
Tilskot (50% av kostnad)	16 000 kr

Alver kommune har vedtatt å innvilge opptil 16 000 kroner i tilskot.

Vilkår for tilskotet

Frist for å gjennomføre tiltaket og rapportere er 15.11.2022. Dersom du ikkje overheld fristen, fell tilskotet vekk.

Innvilging av tilskot inneber ikkje at tiltaket er godkjent etter anna regelverk, som til dømes plan- og bygningslova, kulturminnelova, naturmangfaldlova, vassressurslova eller forureiningsforskrifta. Du må sjølv skaffe deg slikt løyve dersom det trengs, og dette må du gjere før du går i gang med tiltaket du no har fått tilskot til.

Løyvd tilskot kan trekkjast attende heilt eller delvis dersom det oppstår tilhøve som er i strid med føresetnadane for ordninga jfr § 10 i forskrifta om spesielle miljøtiltak i jordbruket.

Rapportering og utbetaling

Når tiltaket er gjennomført, må du sende inn dokumentasjon på at tiltaket er gjennomført etter dei vilkåra som er sett i dette brevet. Du skal rapportere om måloppnåing og bruken av tilskottet slik rapporteringsskjemaet angir.

Sluttrapport skal innehalda:

- Utfylt rapporteringsskjema for eingongstiltak/investeringstiltak, inkludert rekneskap.
- Timeliste
- Foto av utført tiltak
- Kart som syner plassering og lengde på hesjene

Alver kommune betaler ut det innvilga tilskotet etter at du skriftleg har bede om det, og når vi har godkjent rapport og sluttrekneskapen for prosjektet eller tiltaket. Du kan be om utbetaling digitalt via Altinn.

For eitt-årige eller mindre prosjekt skal utbetalinga som hovudregel skje etter at prosjektet er avslutta. For fleirårige tilskot kan det vere aktuelt å betale ut delar undervegs i prosjektperioden. Delar av tilskotet kan utbetalast etter kvart som du godtgjer framdrift i gjennomføring av tiltaket og vi har godkjend rapporteringa. Minst 25 prosent av tilskotet blir halde attende til tiltaket er fullført og sluttrapporteringa er godkjend.

Landbruksdirektoratet sitt rapporteringsskjema for eingongstiltak/investeringstiltak skal fyllast ut og leggst ved når du ber om del- og sluttutbetaling. [Bruk denne malen](#)

Godkjent kostnadsoverslag for tiltaket er 32 000 kroner. Utbetalt tilskot kan ikkje overstige 50 % av godkjende kostnader for å utføre tiltaket. Dersom kostnaden for å utføre tiltaket er lågare enn godkjent kostnadsoverslag kan tilskotsbeløpet bli justert ned.

Kontroll

Kommunen, statsforvaltaren og Landbruksdirektoratet kan gjere kontroll etter SMIL-forskrifta § 9.

Omgjering, tilbakebetaling og motrekning

Vedtaket om innvilga tilskot kan bli gjort om og utbetalt tilskot kan bli kravd betalt tilbake etter SMIL-forskrifta § 10 dersom det blir avdekka tilhøve som er i strid med det som er føresett ved innvilging av tilskotet.

Klagerett

Du kan klage på dette vedtaket til Statsforvalteren i Vestland. Send klaga til Alver kommune. Vi vil sende saka vidare til Statsforvalteren i Vestland dersom vi ikkje gjer om vedtaket. Klagefristen er tre veker etter at du har motteke dette brevet, jf. forvaltingslova § 29. Du kan òg be om å få sjå dokumenta i saka, jf. forvaltingslova § 18 og § 19.

Meir informasjon

På [nettsidene til Landbruksdirektoratet](#) kan du finne meir informasjon om spesielle miljøtiltak i jordbruket.

Med helsing
for Alver kommune

Saksbehandla av: Marie Victoria Rekdal Skogrand

Godkjend av: Laila Bjørge